


Ynskje om vurdering av søknadsplikt, utviding av eksisterande kai ved eksisterende naust på Gnr/Bnr 40/7, Fureskjeggvegen 71.




Situasjonskart 1:1000 Tiltaket si plassering markert med raud sirkel

Underteikna har eit naust på Fureskjegget i Meland. Dette naustet er gammalt, truleg oppført rundt 1900, og har ikkje vore i bruk i lang tid. Me busette oss på eigendomen i 2017, og ynskjer no å ta naustet i bruk. Eksisterande naust har ei grunnflate på 50m<sup>2</sup>, med plass til to båtar. Rundt naustet er det murt kai for direkte lossing til naust samt tradisjonelt båtopptrekk i forkant av naustet. Det kan kun leggjast til med båt ved eksisterande kai når det er høgvatn. Dette er svært upraktisk og begrensar bruken av naust og kai.

#### Om tiltaket:

Me ynskjer å utvida eksisternade kai om lag 1,3 - 2 meter ut i sjø, og 3-4 meter i bredda, slik at det vert mogeleg å legga til også på fjære sjø. I samband med kaien ynskjer me å anleggje ei 1,8m brei trapp i sjø slik at ein kan lossa båt på lågvatn.



### Situasjonskart 1:350 målsatt tiltak

Kart over: Plassering og storleik på tiltak



Foto: Eksisterande naust. Båtopptrekk i forkant, kaifront til høgre. Biletet er tatt på fjære sjø. Svaberg til høgre for eksisterande kai gjer at ein ikkje kun kan nytte kaien ved flo sjø.



Over: Biletekollage, Ynskja utforming av tiltaket

Vår vurdering:

- Tiltaket er i samsvar med overordna plan (naust)
- Tiltaket er knytt til eksisterande byggverk (kai og naust)
- Tiltaket er eit mindre tiltak utomhus
- Tiltaket er på bebygd eigendom
- Området er i gjeldande plan (Kommuneplanens arealdel for Meland 2015-2026) satt av til naust og småbåthavn, og det er opna for bygging av 4 nye naust i planperioden jf. KPA §2.1.5 tab. 6
- Oppføring av naust i dette området er ikkje søknadspliktig jf. PBL. § 20-5
- Byggjegrense mot sjø er i dette området 0 meter jf. KPA §1.6.1
- Tiltaket er eit mindre anlegg som skal tene fiske og ferdsle til sjøs

Tiltakets utforming vil ikkje endre ålmentas tilgang til sjø og strandsone samanlikna med dagens situasjon. Det vil vera mogleg for allmenta å ferdast langs stranda. Etablerte korridorar og passasjar mellom bygg og anlegg vil ikkje bli endra av tiltaket. Etablerte stiar vil vera som dei er.

Naustområdet inngår i eit etablert og heilsakeleg kulturmiljø rundt Fureskjegget dampskipskai, og det vil bli tatt særleg omsyn til dette. Kai vil bli oppført i treverk, eit materiale som også er nytta i fasaden på tilliggande naust. Eksisterande tørrmurt steinkai vil bli bevart.

Eigendomen Gnr/Bnr 40/7 er ein landbrukseigedom. Tradisjonelt har fiske og havbruk vore ein viktig del av gardsdrifta. Ved å tilgjengeleggjera kai for motorisert småbåt vil fiske framleis vera ein del av ressursgrunnlaget for landbruksdrifta.

Tiltaket gjeld utviding av eksisterande kai om lag mellom 1,3 og 2 meter nordvestover mot eksisterande grunne/svaberg, og vil såleis ikkje påverke tryggleik eller framkomme i kommunens sjøområde. Sjøområdet rundt naustet er i gjeldande kommuneplan markert som småbåthavn, og den er vist som hamn i sjøkart.



Skjermdump frå gjeldande kommuneplan. Tiltaket gjeld naust lengst nordvest på kartet



Tiltaket er plassert innanfor det lysegrøne feltet som viser havneområde i sjøkart. Kjelde: kartverket

Me vonar kommunen kan gjera ei vurdering på om tiltaket er søknadspliktig, og gje oss ei tilbakemelding.

Beste helsing

Alexander Helle og Julie Tessem, Fureskjeggvegen 71